

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skar

Oppskr. av: Mari Haga

(adresse): Baldersheim

Fylke: Hordaland

Herad: Strandvik

Bygdelag: Revnestrand

Gard: Haga

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1 Skar, lyng, sveg, ris og slikt vert her mest kalla bæringssfor eller attåtfor.
- 2 Sammannt på dette er markafor.
- 3 Ein seger slik: (nøtid) han sjæve.  
(fortid) han skov - han har skave.  
(framtid) han stea skava.
- 4 Før i tidi var skar mykje brukt  
på kvar gard her i bygdi. Her hiter  
dit skar! I eldre tid var det mest  
rekna som eit "ludne" om der var  
mykje skar å finna på eit bruk.  
Ein rekna med det som støtt kvelds-  
arbeid åt karane mest heile vinteren.  
Den tid dei leide årsdrenge mest  
på kvar gard, so var det støtt vis  
med landabming om morgonane  
og skaving i m koldane. Liste  
mannsaldren har dette som so  
mangt arna bytt om. Buskapen  
har minka inn på mange bruk.  
Skavingi er det slitt ned. Kraftfor  
vert kjøpt. Og kveldstundene er  
høst brukte til avslasning. Noko  
"førfrukosttid" er her ikke mir  
no, for andre ein dei romstiar.

No er det berre på nokre få gardar her  
det vert skavet litt - om ein ser seg  
tid til det. Og det er berre rekna som  
ei liti attåthjelp.

- 5 Til skav mytta ein alle tresorter som  
biesti vil eta, ask, eik, asp, høgg, rauin  
selja. Det er ikke brukt å skave fure  
her. Askeskavet er rekna for det beste.  
6 Når veden er so stor den er kløyvd  
kalla me det sjøvla etter den er  
skaven, kva slags treslag det er av.  
7 Dette rimet hørde eg slik då eg  
var barn (Uglehus - Hålandedal)  
"Ask gjære kūo rask.  
asp gjære kūo spåsk.  
Eik gjære kūo veik.  
Høgg sæte mers i laegg.  
Selje svelte. Vier" vøltet.  
Rauin" før. Almenen jør.  
Foro hit dræge dautt orn dør."  
Dei har noko av same rimet her i  
bygdi og, men ikke rett i same  
rekkefølge.  
8 Det var altid berre kyrne som fekk  
skav. Aldri hesten. Sau og geit fekk  
lauvkjørv. Skav fekk biesti mest  
heile vinteren fra hausten av, når  
kveldane vart sopas lange at karane  
tok bil ned. Kveldsarbeid. Ein gav  
helst skavet saman med höyet.  
Sonne kyr er vande på skavet og  
ikke likar so godt "strångeskav"  
som "kyeppaskavet". Eg har ikke  
hørt um at older har vore  
brukt til skav.

9 Ein rekna med å få bå mair og feitare mjölk når kyrne fekk skav. Ýser sku det verda fint smør av askjekavet. Hegg og osp vilde gjerne smaka på mjölk, so ein laut gje varsamt av det slaget til mjölkekynne. Ein gav det høst til den fanaden som ikkje mjölna.

10 Han vert fyrt skaven den veden som vart følt om hausten når ein "lägga" (tok lauvkjørr) seinare högg inn etterkvart og tek heim det ein trenq til skav. Av den tek ein ut heystaur og anna gagnsvirkje om der er, og sjær det samstundes. Resten vert opphogge i dubbelt var lengd, eller i passende lengd til bakspekket.

11 Her seger me berre "du går å hägge skav".

12 Når det er ved som skal skavast kalla me det berre skav, kva slags tresort det er.

13 Å marka, märka, kalla me det her når me tok selja og alm om våren, svega og reiv borken av og hakka den til beistafor. Men bur over ein mannsalder siden sitt eg såg det var gjort.

14 Ein bruka skavet heim winterdags etterkvart ein har bruk for det.

Før dei born ikkje fødde hest men laut bera skavet heim på ryggen (og fyrr var det storparten av bruks)

her i bygdi) var det rekna for eit tung arbeid. (Husmann fekk joamt lov å ta skar langt inn i markane, ein god times veg å gå. Då tok dei skavljåen med seg og skov der dei hogg trei, og bar so skavet heim i store plagg. For ei slik karaböra, skar, var du då skuldige utdageverk at der skulle haft skar langfridag har eg aldri hørt om!)

- 15- Når det var mildvar sat dei gjerne på läven eller i sjøya og skov, inn so det var med dagen. Men var det kalt sat dei i stova, og rettid i stova inn kvelden. No siste mansaldrun er det i kyllaren du velst sit med skavingi. Stovoene er ikkje til å arbeida i no meir.

- 16 Til vanleg kryppaskar brukast skavljå. Men når ein sjør besjestaur og strängar vert det brukt bandakniv. Skavljåen er altid ein brukt lja som der er sett eit rundt handtak på. Her i bygdi har eg og sett at der berre er høyst ei filla inn ljaen til handtak.

- 17 Når ein sjør besjastaur mytta ein joamt bandakrakk og bandakniv. Når ein sjør store strønga legg ein ein gjerne storenden i sagekrakken. Då brukar ein også bandakniven. Og ein eller annan står på strøngen attå. Eg kunner ikke til bruk av røkon sas skavkrakk

- 18 Når ein skov i sytja, på låven eller i kellarren var det sett ein staur på golvet og til ein bølke. Til den stauren støtta ein skavgåen. Har ikke høyst anna namn på dette ein skavstø. Når dei skov i stovone var der gjerne hol i ein benkende der dei sette ein pinn i til skavstø. Eller dei stydde skavgåen til ein sengjakant der det var festa ut lerskykke på. Dette og kalla dei skavstøl. Ordet skavhol har ig ikke høyst før.
- 19 Når ein sjare kyppaskar sit ein på ein krakk, held skavgåen i høgre handi og med vinstra drog ein kyppen under gåen. Når ein sjær med bandakniv held ein den med begge hundene.
- 20 Den vedon som skal skavast kalla me skov og skarovd.
- 21 Skaven bork kalla me skov - alt skave. Kvar borkbita hiker ei skavblåkke (fleire skavblåkke - alle skavblåkkene)
- 22 Ein sjov alt både smått og stort når det er so ein treng orn skov. Men ein rekna kyppaskave for det beste. Skarovden høgg inn helst i høvelig lengd til bakkstekella.
- 23 Når kyppavden er skaven kalla me den spræk. - Et spræk - flere spræk - alle sprækjo. Kløyvde skjer kalla me sjørla - ein sjævel - flere sjørla - alle sjørlane.
- 24 Di finare og mykare skave var, di betre åt kyrne det. Men ein rekna

med at i myfellt kjeppaskar kunne  
ein ferdigpart av blåkka vera ved.  
Ja det var stor skilna på skavingi.  
Síme var so alfor tunge på handi  
og då vart det ikke so velte av busti  
Síme skov og mykje fortare um andre.

- 25 Spræk og sjøvla vert fyrt og framst  
mytta til bakeskved og kakeved.
- 26 Når karane ser seg skunder til det  
so vert her skave litt unno på nokre  
gardar. Men det har gått mir og  
mir os bruk dei siste 20-30 åri!

Hordaland  
Strandvik.

Skal prøva gjera greida for ordet "spåsk" i skavrimet. Det tyder at ein gjer seg bister, byr motstand, eller ikkje er grei å ha med å gjera. Når ordet er bruka om folk tyder det gjerne at ein gjer seg kry og viktig, er lite venleg og svert lite omgjengeleg. Det er å vera "spåsk". Ordet vart bruka av mine foreldre og besteforeldre (Hålandsdal herad og Fusa herad). Og eg har so jamleg høyrt det av eldre folk på Revnestad (Strandvik herad).

Kari Haga,  
Baldersheim.